



NYE VOLDA KOMMUNE

REFERAT – RESSURSGRUPPA I HELSE- OG OMSORG

Møte på Volda omsorgssenter

29.01.2019 kl. 13:30-15:30

Til stades:

Svein Berg-Rusten, helse- og omsorgssjef/prosjektansvarleg

Ragnhild Aarflot Kalland, einingsleiar omsorg

Ingunn Gjengedal, konst. ass helse- og omsorgssjef

Mary Anne Espe, einingsleiar helse

Mona Helen Kile, einingsleiar førebygging, rehabilitering og legeteneste

Hovudtillitsvald Fagforbundet Volda/Hornindal, Oddbjørg Yksnøy Rangsaeter

Hovudtillitsvald Sjukepleiarforbundet Volda, Vydmane Solominiene

Bent Ingebrigtsen, tillitsvald for legane

Fråfall:

Hovudtillitsvald Sjukepleiarforbundet Hornindal, May Britt Lillestøl

Agenda:

Aktivitet	Ansvarleg Oppfølging
<p>1. Sakliste</p> <ul style="list-style-type: none">- Gjennomgang referat frå samling med leiarar, tillitsvalde og verneombod 11.01.2019.- Refleksjonar etter innspela frå samlinga.- Endringar/presiseringar i framlegget til organisasjonsutkastet.- Orientering frå kontaktmøte 24.01.2019. <p>Prosjektleiar opplever at det er utfordrande med prosessar i høve omorganisering og kommunesamanslåing i ei tid der kommunen har vedteke historisk store investeringar. Dette har konsekvensar for dei økonomiske rammene til sektorane, og kravet om å yte betre og meir effektive tenester blir stadig større. Det vil difor vere avgjerande å ha ein organisasjonsmodell som gjer det mogeleg å styre trass endra rammevilkår. Rekruttering av leiarar som er bevisste oppdraget og som er motiverte for utfordringar vil såleis vere svært avgjerande for å lukkast med arbeidet framover.</p>	SBR

Aktivitet 2. Gjennomgang referat frå samling med leiarar, tillitvalde og verneombod 10.01.2019.	Ansvarleg Oppfølging
<p>Tilbakemeldingane frå deltakarane tilstades på samlinga syner at eit klart fleirtal meiner at ny organisering av helse- og omsorgssektoren vil støtte dei 4 fokusområda; strategisk utvikling, meistringsklima, handlekraftig og samordning av det komplekse.</p> <p>Kort oppsummert er hovudtrekka frå tilbakemeldingane følgande;</p> <p><u>Mål som ikkje blir stetta</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Administrasjonstida til teamleiarane <p><u>Mest redd for</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Administrasjonstida til teamleiarane - Manglande einingsleiar i førebygging & rehabilitering <p><u>Spørsmål til avklaring</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Leiarfunksjon til førebygging & rehabilitering - Administrasjonstid til teamleiarane <p>Refleksjonar etter innspela frå samlinga</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommunalsjefen har ei klar forventning om at organiseringa av administrasjonstida til teamleiarane er noko einingsleiarane, teamleiarane og dei tilsette i fellesskap må finne løysingar på. - Avklaring av leiarfunksjonen til førebygging & rehabilitering er neste sak i dagens møte. - Prosjektleiaren er usikker på om forankringa av NAV er rett plassert. Alternativt blir NAV lagt under kommunalsjef som så vil involvere deltakarar etter tematikk. - Dagsenter for eldre – kan vere mest hensiktsmessig å ha ein fagkoordinator i staden for teamleiarfunksjon her. Dette også for å auke samhandlinga ute og inne. <p>Innspel frå deltakarar i ressursgruppa</p> <ul style="list-style-type: none"> - Einingsleiar helse og tilitsvald for legane i Hornindal påpeika at ein ser det som uheldig å «splitte» legetenesta og førebygging/rehabilitering. Ein ynskjer difor å ha ei ny runde på dette. - Det vart også minna om at leiarar i Hornindal vil få 1 time reisetid når dei skal møte i Volda. Dette vil gå av tid dei per i dag nyttar til tenesteyting-/administrasjon. - Det vart vidare stilt spørsmål i høve kompetansekrav og oppgåver til stillinga som spesialrådgjevar. Eit forslag var å legge samhandlinga med helseforetaket til denne funksjonen då dette er eit område som vil krevje mykje i tida framover. Det var og innspel på val av namn, kvifor ikkje kalle det sakshandsamar i staden for spesialistrådgjevar? 	<p>SBR</p>

Aktivitet 3. Førebygging & rehabilitering Endringar/presiseringar i framlegget til organisasjonsutkastet.	Ansvarleg Oppfølging
<p>Prosjektleiariar synte til rapporten frå Agenda Kaupang, Nye Volda. Denne peika på at intensiteten i trening er for lav, både på døgnrehabilitering, dagrehabilitering og kvardagsrehabilitering. Eit viktig spørsmål i tida framover vil vere korleis ein skal kunne utnytte eksisterande ressursar til meir trening utan tilføring av nye ressursar.</p> <p>Prosjektleiariar har sett føre seg ulike modellar for denne eininga, og har stilt seg følgjande spørsmål;</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har denne eininga behov for eigen einingsleiar etter at den tyngste administrative utfordringa no er tatt vekk frå funksjonen (legetenesta)? - Kan ein forsvare å behalde status som eining overfor andre områder? <p>Prosjektleiariar konkluderer difor med følgjande;</p> <ul style="list-style-type: none"> - Då dette er ei einings- og sektorovergripande teneste som leverer avgjerande og viktige oppgåver på tvers av dei ulike tenesteområda bør tenesta ligge på overordna nivå i sektoren med teamorganisering som presentert i utkastet. - Tenesta blir sidestilt organisatorisk med tildelingskontoret. Begge tenesteområda vurderer søkjarar frå 0-100 år. I tillegg er dei aktivt deltakande i ulike forløps- /og prosjektarbeid. Storleiken på tenesteområdet er også samanliknbart. Dei to tenestene går begge frå å vere eiga eining til å verte plassert under ein annan leiar. Prosjektleiariar ser såleis ikkje store forskjellar som skulle tilseie at dei skal handterast ulikt. 	<p>SBR</p>

Aktivitet 4. Teamleiarfunksjon Endringar/presiseringar i framlegget til organisasjonsutkastet.	Ansvarleg Oppfølging
<p>Prosjektleiariar registrerer at fleire av tilbakemeldingane var bekymringar i høve teamleiarfunksjonen, og då særleg kravet som vart stilt til teamleiarane om å skape seg handlingsrom til utøving av leiar rolla.</p> <p>Bakgrunn og formål med dette vart gjort nærare greie for i møtet. Prosjektleiariar ser det ikkje som teneleg for organisasjonen å «låse» administrasjonstida til prosentvis storleik. Er du leiar er du det i heile stillinga di og må difor skape deg dette handlingsromet ilag med teamet-/eininga di. Omfanget av administrative oppgåver kan variere mykje, frå dag til dag, frå veke til veke. Dette vil krevje at teamleiarar ilag med sine tilsette i stor grad er fleksible. Faren vil såleis vere ved «låsing» av adm. tida at ein får ein lite fleksibel organisasjon.</p>	<p>SBR</p>

Prosjektleder peika vidare på at han ser føre seg at teamleiarane ikkje går i turnus, men har 37,5 t arbeidsveke. Det kan vere aktuelt å gå ei seinvakt per veke då dette ikkje utløyser turnusarbeid.	
--	--

Aktivitet	Ansvarleg Oppfølging
5. Orientering frå kontaktmøte 24.01.2019.	
<p>Det vart i kontaktmøte konkludert med følgande;</p> <ul style="list-style-type: none"> - Administrasjonen har vurdert rettskrav på einingsleiarstillingar og andre i administrasjonen. - Dette er oversend KS advokatane. - Tilsette med rettskrav vil bli innplasserte. - Dei andre stillingane vil bli lyst ut internt, der alle frå Volda og Hornindal kan søkje. - Teamleiarar er ikkje vurdert enda, men ein ser føre seg ein liknande prosess der. 	SBR

Aktivitet	Ansvarleg Oppfølging
6. Prosess vidare	
<p>Prosjektleder vil utarbeide høyringsnotatet og sende det til ressursgruppa for gjennomlesing før utsending.</p> <p>Ein ser føre seg 2 veker høyringsfrist, trass innspel på for kort frist. Det blir nytt ressursgruppemøte når høyringsfristen er ute.</p> <p>Oppmodar alle til å halde seg oppdaterte på sida til Nye Volda; spre ordet!</p> <p>Det vart avslutningsvis påpeika at det kan vere hensiktsmessig med eit informasjonsskriv til einingsleiarar og teamleiarar i høve rettskravprinsippet og framdrift i prosessen med innplassering/rekruttering av leiarar i ny organisasjon. Prosjektleder tek dette til følgje.</p>	SBR

Volda 30.01.2019
Ingunn Gjengedal (ref)